

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sjernarøy.

Emne: Helsing, fakter, åtferd.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Gard:Nord-Hidle.

(adresse): Reilstad.

G.nr. 12. Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

1. Ja vart uttrykt med å bukksvare med hovudet, nei ved å rista på hovudet. Handi vart sjeldan eller ikkje brukt til desse svari.
2. Gamalt var at møttest folk på ein veg, skulde dei helsa på kvarandre, sjölv um dei var heilt ukjende. No kan dei segja nokre ord eller ei helsing med meir kjende, eller og stana og drösa litt; heilt ukjende går dei framum utan eit ord, eller ved å helsa goddag.
3. Menn skulde helsa på kvinner fyrst, og born på vaksne. No er det elles jamt at eldre helser på born, særleg små, fyrst.
4. Dei sa: godmorgon, goddag, godkveld. Å ta av seg hatt eller huva var ikkje vanleg ved helsing för. Var det meir högtidsamt, tok dei kvarandre i handi.
5. Prest og andre högtstående vart helsa meir vyrdsamt enn andre. Å ta hatten av for bygdefolk var ikkje vanleg för. På min heimstad var det overlag sjeldan prest eller embetsmann kom, vart en var det helste dei vyrdeleg på dei.
6. Huva eller hatt under armen eller i bae hendene minnest eg aldri nokon bruka ved helsing, endå eg har høyrt um det frå andre bygder, anten når dei skulde handhelsa eller snakka litt med vedkomande.
7. Ja, var ein högtidsklædd helste ein meir vyrdeleg enn i kvardagsmunad, utan til kvardags når högtstående folk kom til gards, eller vyrdelege slektningar.
8. Dei handhelsa ved visse høve, t.d. likferder, jolelag, festar i sers høve eller når dei kom på vitjing til slektningar som dei til vanleg ikkje såg, eller andre framande dei vitja og vilde stogga litt hjå.
9. Klappa folk på oksli vart sjeldan gjort, hende det var det uttrykk for gleda og sers venskap eller takk. Andre bygdar skal ha meir av dette.
10. Eg kan ikkje minnst me letta på hatten ved å høyra kyrkjeklokka på kyrkjeveg. Me budde so langt frå kyrkja at me aldri høyrd kyrkjeklokka heim til oss. Eg veit ikkje um kvinnene gjorde noko ved å høyra kyrkjeklokka på kyrkjeveg, helst ikkje, tenkjer eg.
11. Mötte dei likferd eller brudlaupsferd, stod dei med hatt i hand ved vegkant eller på marki, og såg stille til. Det vart sedd på som litt vanvyrdsleg å halda fram med arbeidet og aldri lest vita noko um det som hende på vegen.
12. Dette ukjent for meg heimanfrå.
13. Godmorgon sa dei frå morgonen tidleg og fram på fyremiddag, t.d. kl. 10. God middag vart ikkje brukt heima i min oppvekster, kanhenda litt no. Ut på etternon, eller noko seinare, etter årstidi, heitte det godkveld, og um kvelden eller når dei gjekk heim, sa dei godnatt.
14. Ein ser det som litt gaput å segja gomorn heile dagen, gjerne til langt på kveld. Nyss helste eg på nokre gutar

- 2.
- og sa godkveld, ein svara i farten gomorn, men eg hadde ei kjensla av at han hadde forsnakka seg og skjemdest.
15. Godmorgon og andre helsingar vart svara med same ord.
16. Som regel held ein på at ein skal skifta på helsingane etter tidene på dagen, endå sume brukar, eller byrjar bruka gomorn heile dagen. Dette er set på som noko gaput og flåsut.
17. I eldre tider kunde dei segja: Guds fred, til helsing, eller som dei herme e etter ein gamal, fyre mi tid: fred i huset, sa han når han kom inn i stova. Signe arbeidet o. s. b. var vanlege för, no går det meir yver til å segja: lukka med arbeidet, eller slikt. Og til maten: velbekomme. Me ser dette som ein tendens å utelata ordet Gud og det sers kristne frå dagleg tale, ei slags avkristning.
18. Dei kunde segja: til lukka eller liknande, og svaret var: takk, og i vissehöve: velkommen til, utan når dei sat til bords, men det hende dei sa det då og, og la til: velkommen til teijer eg ikkje du vil vera.
19. Hadde ein framand helst på husbonden eller andre ute, helste han og inne i stova på dei som der var, og ofte i handi, um han ikkje nett var frå næmaste gard, og helst tok dei i handi. Men var dei meir kjende heitte det: godmorgon o. l. Frå gamalt var det visst skikk å helsa sjölv på eit folketomt rom um dei kom inn saman med andre. Dei kunde segja: Goddag i stova eller liknande.
20. Vilde dei snakka med husbond åleina, kunde dei segja det, men helst venta dei til dei skulde gå, då fylgde husbonden alltid gjesten til döri og ut, og då var der godt höve koma fram med erendet, og då var dei jamnast i einrom.
21. Frå gamalt ikkje skikk banka på döri, no er det vanleg. Dei inne sa då: kom inn, eller versogod. Den som kom inn skulde helsa. Det gamle var at dei stana ved döri til dei vart bedne sitja. Karane tok hovudbunaden av, anten för han kom inn eller ved döri, helst la dei det etter ute i gang eller kjöken.
22. Helst skulde dei stå ved döri til dei vart bedne sitja.
23. Dei tok hovudbunaden av på kjöken eller i gangen, karane då, og kom inn berhovda. Det vart set på som mindre velseda koma inn med hatten på. Likeso var det för velseda ikkje setja seg för dei vart bodne sess.
24. Ta hatten av för han kom inn.
25. Dei sa til dei som stod ved döri: sjå til du får sitja, um det var folk dei vilde ha inn. Og svaret var: takk, eller: Det er råd med det.
26. Dei skilde nok på folk, t. d. fantar vart ikkje bodne sæte.
27. Dette å fara yver stolsætet med handi eller setja fram stolen meir brukt för, no ser dei det ikkje.
28. Kom innbedne gjester, sa dei: velkomne, eller: velkomen.
- x29. Hvit framande stod ein gjene ventande framfyre, til dei hadde sagt kven dei var eller erendet sitt, so kunde dei verta innbedne.
30. Ved kvardags-vitjingar kunde dei segja takk for seg, eller: Du får får liva, el. l. og fekk då svaret: ikkje å takka for, eller: takk i like måte, eller: deg det same.
31. Ved avskil for lang tid, eller alltid, vart helsingi meir vyrdeleg. Gjerne: gjev me må mötast på ein betre stad, el. l. Og var dei ute, kunde dei letta på hatten, og då vart der alltid handhelsa. Dette vart gjort i både a og b.
32. Kyssing vart ikkje brukt so folk såg det i heimbygdi mi. Det einaste kunde vera millom mor og litebarn.
33. Ukjend skikk heima.
34. Uttrykket: gi munn ikkje kjent heima.
35. Handkyssing ukjent heima det eg minnest, Kanhenda brukt i gamal tid.
36. -37 veit eg ikkje sers um, men det er ikkje utruleg.
38. Dei kunde bruka ordet: vera god med, eller liknande, til småborn, um deidå meinte kyssing eller berre kniping kring halsen, veit eg ikkje.
39. Leiken byta nase vanleg med småborn, og vaksne og småborn.
40. Denne leiken kunde alle som stelte med småborn bruka för å halda det med moro.

- 3
41. Dei kunde bruka peike- og langfingeren til å „stela nasen“ åt barnet. Dei tok yver nasen med dei to fingrane og liksom sleit han laus.
- 42-43. Ukjent heima.
44. Det gamle var at dei sa: signe arbeidet ~~Kæ~~. t. d. ~~16~~ heiter det helst: til lukka, eller: lukka til, og svaret er jamnast: takk. Sjå og nr. 17.
45. Før heitte det alltid: gledelegjol, no er det skift um til God jol. Dei andre helgane var det: godt nyttår o. s. v. Ved barnefødsla var det: gratulerar, likeso ved truloving og brudlaup.
46. Ved dødsfall minnest eg ikkje noko sers ord, anna dei kunde segja at dei totte synd i dei, eller nokre ord som: so gjekk det soleis. Dette å segja dei totte synd i nokon vart mindre brukt direkte til dei syrgjande, heller ved umtale. No går det meir og meir yver til dette fargelause: kondolerar.
47. Svaret vart : takk, eller liknande.
48. Å takka av på vegne av dei avlidne ikkje lenger skikk her. På gravi står gjerne kjømeisteren fram og takkar for fylgjet og ber dei fylgja med heimatt og få litt mat. Likferdi er no stutt, ikkje som før eit par dagar. Noko namn på dette veit
49. Vanvyrnd kunde dei syna ved å skjekkja med ^{Leg ikkje} munnen, snu ryggen til, lyfta på oksli o. l. I eldre tid har eg frå andre bygdar høyrte at suma gamle kvinner kunde syna vanvyrnd ved å snu seg og lyfta på stakken og klappa seg i enden, men aldri høyrde eg um det heima. Derimot kunde dei nok bruka munnen litt på ~~for~~ arandre, og bruka mindre fine utnemne på einannan.
50. Før sa borni De til foreldri, soleis sa far til sine, Heima var det alltid berre du, og det er visst vanleg her no. Til framnade kunde ein segja De, eller I, Jer, før no er både I og Jer avlygde, det måtte då vera til sers gamle.
51. Å segja Han eller Ho istaden for du eller De er visst og heilt slutt no, i mi ~~sto~~ har eg ikkje høyrte det på mange år. Sume stader, serleg der det er mykje byfolk, kan dei bruka De til slike, medan det andre stader er dette gamle og truverdege og eg tykkjer meir trugaste: du som er i bruk, og det til alle. Og det ser mest ut til at det aukar på i det siste.